



Også fylkeskommunen går med på fjerning av denne steingarden på Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fylkeskommunen er regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Difor ville også dei ha eit ord med i laget då Endre Harald Wang ville fjerna steingarden mellom to eigedomar på Hauglad.**

Ut frå arkiva sine kan ikkje fylkeskommunen sjå at dette tiltaket vil koma i konflikt med automatisk freda

kulturminne.

Fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd og arkeolog Øyvind Birkenes held fram:

- Ein steingard er som oftast ikkje eit slikt kulturminne sjølv om den i mange høve kan ha høg verneverdi og vera eit forteljande element i kulturlandskapet. Dei eldste steingardane er oftast dei som har vore skilje mellom utmark og innmark, samt geilane (fegatene) som leier ut frå tunet til utmarka.

I dette tilfellet ser det ut til at steingarden skriv seg frå eu forholdsvis nyare innmarksdeling mellom to eigedomar.

I utgangspunktet er vi ikkje særleg positive til at slike kulturlandskapselement vert fjerna, men i dette tilfellet ser det ut til at steingarden er i forholdsvis dårleg forfatning, noko som og vert trekt fram i søknaden. Ut frå flyfoto ser det ut som om store delar av steingarden på nordaustre side av vegen alt er fjerna.

Vi ber om at kommunen tek ansvar for at steingarden vert dokumentert gjennom foto og mål. Om så vert gjort har vi elles ingen avgjerande merknader til at den sidan kan fjernast.

Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av tiltaket må fylkeskommunen få melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltningsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet, sluttar Ekerhovd og Birkenes.

Av Ola Matti Mathisen